

Planprogram



for kommuneplanen sin
samfunnsdel 2018 – 2048

Mars 2018
Bømlo kommune

Innhold

Forord - Ei framtid med moglegheiter

Innleiing

1. Kommuneplan og planprogram

- 1.1 Føremålet med planprogram
- 1.2 Overordna visjon
- 1.3 Kommuneplan – to delar
- 1.4 Planprogram og planstrategi
- 1.5 Planprogram i to delar – samfunns og arealdel

2. Føresetnader for planarbeid

- 2.1 Internasjonale, nasjonale og regionale føringar
- 2.2 Lokale føringar – planstrategien 2016 – 2020
- 2.3 Grunnleggjande prinsipp

3. Planprosessen - framdrift og medverknad

- 3.1 Høyring
- 3.2 Framdrift
- 3.3 Medverknad og vidare prosess

4. Framtida og moglegheiter - hovudtema

- 4.1 Overordna tema og prinsipp
- 4.2 Hovudtema

5. Planprogrammet sin arealdel – haust 2018

- 5.1 Innhold i planprogrammet sin arealdel

6. Vedlegg

- 6.1 Lenker
- 6.2 Bømlo kommune – gjeldande planar
- 6.3 Regionale planar
- 6.4 Andre dokument

Forord

Ei framtid med moglegheiter



Kommuneplanen skal stake ut vegen vidare for Bømlo kommune.

Det endelege plandokumentet som me skal fram til er viktig, men prosessen fram til ferdig plan er kanskje endå viktigare. Involvering og forankring er avgjerande og difor er planprogrammet eit sentralt dokument for å få til god prosess.

Den komande kommuneplanen skal lagast for ei tid der endringar lokalt, nasjonalt og internasjonalt etter all sannsynlegheit vert store, men kor moglegheitene for Bømlo også er det.

Me kjenner ikkje framtida fullt ut, men i ei omskifteleg verd er det viktig å ha langsiktige mål. Den komande kommuneplanen skal danne grunnlaget for all annan planlegging i kommunen. Det er difor viktig å understreke at den komande planen skal vere noko meir enn eit enkeltstående dokument. Den skal vere grunnlaget for mange og viktige politiske prosessar i lokalsamfunnet Bømlo.

Dette planprogrammet vil vere starten på ein planprosess som gjer grunnlag for utvikling, fornying og justering i styringa og organiseringa av kommunen vår.

Bømlo er ein kommune med moglegheiter. Me ligg sentralt på vestlandet i ein region med eit sterkt og variert næringsliv. Me har framleis vakker og variert natur som gjer stor valfridom når det gjeld korleis me vil nytte fritida vår. Me har trygge og gode bu- og oppvekstvilkår. Det er opp til oss sjølv om me greier å utnytte desse kvalitetane.

Eit godt lokalsamfunn er summen av alle som bur der.

Me må lage ein plan som legg grunnlaget for eit sterkt næringsliv med eit mangfald av arbeidsplassar, attraktive bumiljø og eit godt offentleg tenestetilbod. Det klarar ikkje kommuneadministrasjon og politikarar åleine. Det er i minst like stor grad avhengig av aktive lag, organisasjonar, næringsliv og engasjerte innbyggjarar, og at me greier å spele på lag.

*Odd Harald Hovland
ordfører*

Innleiing

Her følger eit framlegg til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel i 6 kapittel.

Med tanke på å gjere lesinga så forståeleg som mogleg tar **kapittel 1** for seg nokre sentrale omgrep som planprogram, kommuneplan, samfunnsdel og arealdel.

Kapittel 2 tar for seg nokre av dei viktigaste *føringane* som kommunen skal ta omsyn til, internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt. Her definerer òg nokre *grunnleggjande prinsipp* som skal gjelde for alt planarbeid i Bømlo.

I **kapittel 3** står det om prosessen, høyringsrunden, *framdrift*, og korleis kommunen ønsker å sikre *medverknad* og involvere lokalsamfunnet.

Kapittel 4 skisserer kva overordna plantema som blir dei viktigaste å arbeide med framover, *hovudtema*. Når arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel ta til, vil tematikken i planprogrammet vere *førande*.

kapittel 5 peiker fram mot hausten 2018 og gjer ei kort oversikt over kva planprogrammet sin arealdel skal innehalde.

Kapittel 6 er ei referering til nokre sentrale og relevante planar (lokale, regionale, nasjonale), forventingar, rammer med meir.

1 Kommuneplan og planprogram

*«Planleggingen skal stimulere og samordne den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale, kulturelle og estetiske utviklingen i kommunen og sikre befolkningen muligheter for påvirkning av kommunens utvikling»
(Miljøverndepartementet 2009: 78)*

1.1 Føremålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å sikre ei mest mogleg heilskapleg planlegging og styring av kommunen sine tenester og ansvarsområde. Til det trenger me ein *moderne, oppdatert og anvendeleg kommuneplan*.

Gjeldande samfunnsdel for kommuneplanen er sist revidert i 2013. I gjeldande planstrategi for Bømlo kommune 2014 – 2018 er det vedteke at kommuneplanen skal rullerast. Sjølv om nokre tema der framleis vil vere aktuelle, har det mellom anna kome nye plankrav, nye politiske føringar frå fleire nivå og nye tema. Dette gjer gjeldande kommuneplan utdatert. Der òg eit overordna mål at innhaldet kommuneplanarbeidet må forankrast både politisk og i lokalsamfunnet elles, på ein betre måte enn tidlegare.

Difor blir det meir rett å sjå på dette som ei omfattande rullering, eller fornying, av kommuneplanen, ikkje berre ei mindre rullering.

Dette planprogrammet gjeld for fornying av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Samfunnsdelen skal gje overordna mål og føringar for utviklinga av Bømlo. Koplinga mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdelen, med plankart og føresegner, vil vere sterk.

1.2 Overordna visjon

For å kunne planlegge kommunen vår kan me ikkje dra i kvar for retning. Me må bli einige om eit felles mål, ein overordna visjon. Føremålet med å få ein overordna visjon er å vise fram kva som gjer oss til Bømlo og bømlingar. Me har bestemt oss for å vere èin kommune; ikkje tre-fire bygder eller ein del av ein større kommune.

Difor må kunne svare på:

- Kven er me?
- Kva er med stolte av?
- Korleis ønsker me å stå fram om 30 - 100 år?

Det vil vere ei viktig målsetting i seg sjølv at ein i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel får fram ein overordna visjon, som kan gje oss eit tydeleg, kollektivt mål framover.

1.2.1 Kva gjer Bømlo attraktiv i dag?

Ved å kunne sjå på kva som gjer Bømlo attraktivt eit godt grunnlag for å finne ein overordna visjon. Basert på tidlegare innspel så er *kystkultur, den flotte naturen, tilgang på naturlege ressursar* og at *Bømlo er eit småsamfunn; ein blir sett*, trekt fram som faktorar som gjer Bømlo attraktiv.

Arbeidsliv og sysselsetting er ofte ein avgjerande faktor for om ein kan busette seg her eller ikkje. Det er ikkje ønskeleg at korkje Svortland eller lokalsentraa skal bli «soverom», kor arbeidsplassane og fritidsaktivitetar ligg andre stader.

Bømlo har ein styrke i å ikkje berre ha ei «hjørnesteinsbedrift» men ha eit variert arbeidsliv i både kommunesenteret og i lokalsentra. Bømlo har ein god tradisjon for at ein setter i gong verksemder sjølv, ein «gründermentalitet». Bømlo har til dømes veldig god fiberdekning som er med på å gjere kommunen attraktiv for gründerar, noko me må halde fram med å vere. Gründerskap skal klinge igjen i andre samanheng òg, til dømes i grunnutdanninga.

Eit stadig betre vegsamband og kortare reisetider gjer at me kan ivareta bygdenes kvalitetar samstundes som me kan vere ein samla kommune. Den flotte naturen skal ikkje fungere som eit utstillingsobjekt, men nyttast kvar dag, og vere tilgjengeleg for alle.

Dette er kvalitetar som gjer oss unike og skil oss ut. Slike kvalitetar kan avgjere om ein potensiell tilflyttarar vel å slå seg ned i Bømlo, framfor andre stader. Kommunen skal ta vare på og føre vidare kvalitetar som gjer kommunen attraktiv.

1.3 Kommuneplan – to delar

Ein **KOMMUNEPLAN** er den viktigaste planen for heile kommunen.

Det er lovpålagt i Plan- og bygningslova (PBL) at alle kommunar skal ha ein kommuneplan.

Kommuneplanen består av to delar:

- ein **SAMFUNNSDEL (KPS)**
- og ein **AREALDEL (KPA)**.

Desse er såkalla overordna dokument som skal omfatte og koordinere kommunen sine mest vesentlege målsettingar og oppgåver. Kommuneplanen skal og ha ein **handlingsdel**.

1.3.1 Kommuneplanens samfunnsdel - KPS

Samfunnsdelen er eit verktøy for kommunen si heilskaplege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar. KPS skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar (PBL §11-2).

1.3.2 Kommuneplanens arealdel - KPA

Arealdelen er ein arealplan for heile kommunen og skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. KPA omfattar plankart, føresegner og planskildringar. (PBL § 11-5).

1.3.3. Kommunedelplanar, temaplanar og vegleiarar

I tillegg kan kommunen lage **kommunedelplanar (KDP)** for enkeltområde og tema. Bømlo kommune har utarbeida ei rekke kommunedelplanar, til dømes for oppvekst og helse og omsorg. Kommuneplanen sin samfunnsdel er grunnlaget for delplanar i dei ulike sektorane.

For nokre tema kan kommunen utarbeide såkalla **temaplanar** eller **vegleiarar**.

1.3.4 Handlingsdel

Planar er til for å realiserast. Difor skal alle kommuneplanar, og delplanar, ha ein **handlingsdel**. I denne skal dei konkrete tiltaka for å gjennomføre planen, stå. For kommuneplanen sin del, skal handlingsplanen sjåast i samanheng med samfunnsdelen (PBL § 11-1). I praksis kan handlingsdelen vere budsjettplanen som skal rullerast kvart år.

Sjå elles Plan og bygningslova (PBL) kapittel 11 for kva som er lovfesta om kommuneplanlegging.

1.4 Planprogram og planstrategi

1.4.1 Planstrategi

Kvart fjerde år skal kommunestyret vedta ein **planstrategi**. Gjeldande planstrategien for Bømlo kommune blei vedtatt september 2014 og revidert i mai 2016. Dette er kommunestyrets bestilling av planar for denne perioden (2015-19). Her står det mellom anna:
«Gjennom prioritering av planarbeidet vil det vere mogleg å vurdere kva planar som skal startast opp og utarbeidast kvart år, slik at det kan setjast av midlar og ressursar til planarbeidet i budsjettet» (side 5).

Med andre ord er det gjennom planstrategien at kommunestyret har bestemt kva for planar ein har behov for dei neste fire åra. Det er her det er vedtatt at Kommuneplanen, som sist blei vedteke i mars 2013, treng ei fornying.

1.4.2. Planprogram

For alle kommunale planar som får store konsekvensar for miljø og samfunn, skal det lagast eit **planprogram**. Planprogrammet er ei slags «oppskrift» for arbeidet framover. Dette dokumentet er eit planprogram for Bømlo kommune sin nye samfunnsdel.

I PBL § 4-1 er det lovfesta kva eit planprogram skal innehalde og det skal mellom anna beskrive:

- Føremålet med planane
- Prosessen med fristar og deltakarar
- Opplegg for medverknad og involvering
- Kva alternativ som blir vurderte og behov for utgreiingar (i planprogrammet sin arealdel)

Det er kommunestyret som fastsett planprogrammet.

1.5 Planprogram i to delar – samfunns og arealdel

Det blei sendt ut eit felles høyringsutkast for planprogrammet som gjaldt både samfunns- og arealdelen. Høyringsfrist var 1. februar 2018. I løpet av høyringsperioden har det kome innspel, spesielt angående arealdelen, som syner at det kan vere tenleg å dele handsaminga av planprogrammet i to; ein for samfunnsdelen og ein for arealdelen.

Derfor blir dette planprogrammet sin samfunnsdel, som ein tar sikte på å handsame først. Planprogrammet sin arealdel tek ein sikte på å ha sende ut på høyring hausten 2018.

2 Føresetnader og prinsipp for planarbeid

2.1 Internasjonale, nasjonale og regionale føringar

Det er mange internasjonale, nasjonale og regionale planar og avtalar, som Bømlo kommunen skal ta omsyn til. Til desse er det òg ofte utarbeida *planretningslinjer* og *forventingar*, og alt dette legg føringar for kommunane.

Bømlo kommune skal samordne og implementere både nasjonale og regionale mål i sitt planarbeid. Konkrete målsettingar og nytte skal drøftast og vurderast, men vil òg påverke kva *hovudtema* ein skal prioritere i kommuneplanen.

2.1.1 Dei mest sentrale nasjonale og regionale måla

«Regjeringa har samla nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging i kongeleg resolusjon av 12.06.15. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planlegging i kommunane og dei skal bidra til at kommunane tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga.

Forventningane er sentrert rundt desse tema:

- Gode og effektive planprosessar (målretta planlegging. Auka bruk av IKT i planlegginga).
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling (Eit klimavennleg og sikkert samfunn. Aktivt forvaltning av natur- og kulturminneverdiar. Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse)
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde (Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Eit framtidsretta og miljøvennleg transportsystem. Levande by- og tettstadsenter)» (Frå gjeldande Planstrategi 2016 – 2020, Bømlo kommune)

Desse måla blir lagt til grunn vidare i kommuneplanarbeidet.

I vegleiaren ««Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» (KRD) og Regional plan for attraktive senter i Hordaland» (HFK), er måla noko oppsummerte:

- Gode og effektive planprosessar med tydelege mål
- Krav om samhandling på tvers av sektorar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde
- Demokratisk medverknad og inkluderande samfunn
- Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

Desse sentrale og nasjonale føringane skal liggje til grunn for Bømlo kommune sitt arbeid med kommuneplanen. I kapittel 4, vil til dømes berekraftig areal- og samfunnsutvikling gå igjen i tema «Langsiktig arealbruk og framtidsretta bustadbygging» og «Næringsliv og sysselsetting». Samhandling og medverknad blir viktig metodisk.

Sjå elles kapittel 6 Vedlegg, for oversikt over nokre sentrale planar og førande dokument

2.2 Lokale føringar – planstrategien 2016 - 2020

Det er i gjeldande **planstrategi 2016 – 2020** (revidert mai 2016) det står kva for overordna tema kommunen skal rette planlegginga mot i denne perioden (2015-2019). I planstrategiens punkt 2.1 *Gjeldande kommuneplan (arealdel og samfunnsdel)* og i punktet *Prioriterte planoppgåver 2016 – 2019*, med tabell, side 28 - 29, klargjort behovet for ei fornying av kommuneplanen, både samfunnsdel og arealdel.

I planstrategiens kapittel 5 er det vist til tre sektorovergripande tema for planarbeidet: **folkehelse, integrering og strategi for frivilljugheit**. Desse temaa skal vidareførast i den nye kommuneplanen, men det kan vere føremålstenleg å avklare nokre omgrep og omplassere litt i «tema-hierarkiet».

2.3 Grunnleggjande prinsipp

All planlegging kan seiast å vere sektorovergripande; planlegging av kultursektor må sjåast i samanheng med oppvekst, som må sjåast i samanheng med helse, som må sjåast i samanheng med miljø og så vidare. Dette syner og at det vil vere betre å skilje ut eit par grunnleggjande tema og omtale desse som *grunnleggjande prinsipp*.

Folkehelse egner seg godt som gjennomgåande tema og grunnleggjande prinsipp for all planlegging. Slik er det òg beskrive og definert i planstrategien. Dette er og i tråd med Folkehelseloven §4 som mellom anna pålegg kommunane å fremje helse og trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, førebyggjande psykisk og somatisk arbeid og utjamning av sosialeforskjellar .

Integrering, sånn det er forstått i planstrategien, gjeld minoritetspråklege, men egner seg betre som eit hovudtema. Integrering bør framover i kommuneplanarbeidet forståast i meir utvida forstand, som *inkludering*.

Frivilligstrategi er eit viktig hovudtema men vanskelegare som eit grunnleggjande prinsipp. Sjølv om store delar av kommunal verksemd vil bli avhengige av eit godt samarbeid med frivillige i framtida, betyr ikkje det det same som at all kommunal planlegging skal fremje frivilligheit. Mange oppgåver skal og bør bli utført av lønna, faglærde og profesjonelle.

Klima og miljø er omtalt i planstrategien, men ikkje som sektorovergripande tema. På lik linje med folkehelse så er dette likevel både sektorovergripande og det viktigaste grunnleggjande prinsipp av alle; ingen planlegging skal gå på akkord med klima og miljø. Dette er godt forankra i lovverket, og i tråd med nasjonale og internasjonale målsettingar og forventingar.

2.3.1 Grunnleggjande prinsipp

Grunnleggjande prinsipp betyr tema som skal vere gjennomgåande innan alt virke, tverrsektorielt og på alle forvaltningsnivå. Desse skal med i alle planverk i kommunen og ingen planar skal vere i konflikt med dei grunnleggjande prinsippa:

- All planlegging skal vere berekraftig med omsyn på klima, natur, menneska og økonomi
- All planlegging skal gjerast med omsyn på folkehelse
- Der ein manglar kunnskap om konsekvensar skal ein nytte «føre var»-prinsippet

3 Planprosessen – framdrift og medverknad

3.1 Høyring

Kommunestyret sendte ut eit felles planprogram for kommuneplanens samfunns – og arealdel, på høyring og offentleg ettersyn med frist 1.februar 2018. Planprogrammet blei presentert og drøfta med statlege og regionale mynde, i Regionalt planforum 30. januar 2018.

Kommunen arrangerte og eit inspirasjonsseminar «Det gode liv for alle», 16. januar 2018, for dei folkevalde og administrasjon. Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Bømlo ungdomsråd har blitt informert og trekt med i prosessen.

I høyringsrunden til planprogram, det kom det inn 13 skriftlege høyringsinnspel frå både private og offentlege instansar. Desse er handsama administrativt, og ligg som vedlegg til saka til kommunestyret.

3.1.1 Tilgang til planprogramdokumentet

Det endelege planprogrammet skal vere lett tilgjengeleg elektronisk og i dei sosiale medium kommunen bruker, saman med ein engelskspråkleg kortversjon. Trykka versjonar blir tilgjengeleg i resepsjonen på rådhuset.

Kommunestyret sine utval, formannskap og dei offentlege råda, skal gjennom løypemeldingar og/eller munnlege orienteringar, vere orienterte gjennom planprosessen.

3.2 Framdrift

Her følger ein oversikt over korleis arbeidet med kommuneplanen kjem til å utvikle seg framover. I planprogrammet ønsker kommunen å peike på dei overordna tema som blir mest viktig i kommuneplanen.

3.2.1 Planprogrammet – samfunnsdel og arealdel

Planprogrammet legg opp til at ein først skal starte arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), før arealdelen (KPA). Det blir endeleg vedtak av planprogrammet sin samfunnsdel mars 2018, og ei eiga høyring for planprogrammet sin arealdel hausten 2018. Samstundes er kommunen allereie i gong med andre kommunedelplanar som skal koordinerast.

3.2.2 Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS)

For KPS blir det lagt opp til ein meir omfattande prosess enn tidlegare (sjå 3.3 Medverknad). I KPS vil hovudtema og strategiske føringar for kommunens arbeid dei neste åra bli bestemt. Arbeidet med KPA vil basere seg på føringane i KPS. Ein ønsker at lokalsamfunnet skal bli involvert allereie i arbeidet med utkastet til KPS.

3.2.3 FRAMDRIFT - tabell

KPS	Kommuneplan - samfunnsdel
KPA	Kommuneplan - arealdel
PS	Planstrategi (kvart 4. år, seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre)
*	Endeleg vedtak

V2018	H2018	V2019	H2019	V2020	H2020
Planprogram (samfunnsdel) *mars	Planprogram, (arealdel), høyring	Planprogram, (arealdel) *februar			
KPS – innspel, utkast	KPS – innspel, utkast, høyring	KPS *juni			
			KPA, innspel, høyringsutkast utgreiingar	KPA, administrativ handsaming av innspel, utgreiingar	KPA *vedtak
					Planstrategi *september

Våren 2018

Presentasjon for statlege og regionale mynde i regionalt planforum. Handsaming av innspel til planprogram. **Endeleg vedtak av planprogrammet sin samfunnsdel i kommunestyret mars 2018.** Arbeids- og styringsgruppe startar arbeidet med høyringsutkast til KPS. Medverknad: grendeutval, informasjonsmøte, folkemøte, fagdagar, innspelstorg .

Haust 2018

Planprogrammet (arealdel): ferdigstille utkast som blir sendt ut på høyring.
KPS: halde fram medverknadsprosess. Ferdigstille høyringsutkast. Høyring til over nyåret.

Våren 2019

KPS: Handsaming av innspel. Involvere gamalt og nytt kommunestyre/kandidatar. **Endeleg vedtak Kommuneplanen sin samfunnsdel, juni 2019.**
Planprogrammet (arealdel): endeleg vedtak **februar 2019.**
KPA: arbeids- og referansegruppe startar arbeidet med høyringsutkast. Innspel, medverknad.

Haust 2019

KPA: medverknad, folkemøte, vurdering av innspel. Høyring frå desember.

Våren 2020

KPA: Ferdigstille utkast.
Utarbeiding av ny Planstrategi (PS) 2020 – 2023, høyring.

Haust 2020

KPA: Endeleg vedtak haust 2020.
Planstrategi for 2020 - 2023: **Endeleg vedtak september 2020**

3.2.3 Styringsgruppe for planprogrammet

Styringsgruppe for planprogrammet består av ordførar, varaordførar, to representantar frå opposisjonen, strategisk leiargruppe, samfunnsplanleggjar og tillitsvald.

3.2.4 Arbeidsgruppe for planprogrammet

Det er ei administrativ arbeidsgruppe med ordførar som politisk representant.

3.3 Medverknad og vidare prosess

Alle innbyggjarar har lovfesta rett til å uttale seg til alle planar som kommunen legger ut til høyring. Nasjonale styresmakter forventar at kommunane gjer meir enn lovfesta minimum når det gjeld medverknad. Bømlo skal følgje dette opp og vil legge til rette for, og ta initiativ til, aktiv medverknad og auke deltaking.

Kommunane skal gjennom heile arbeidet fokusere på å *samskaping* og å *samhandle* på tvers av sektorar. Innspelsmøte og fagdagar må sjåast i samheng med og trekke vekslar på fleire sektorar. Lokalsamfunnet skal verte breidt involvert som til dømes dei folkevalde, grendeutvala, bømlingar i alle aldersgrupper, det sivile liv, kultursektor, næringsliv, born og fleire andre.

Å involvere lokalsamfunnet gjennom heile planprosessen har fleire fordelar som til dømes:

- Lokaldemokratiet blir halde i hevd
- Eigarskap til sluttresultatet
- Usemje og konflikhtar kan avklarast, løysast og få minnelege løysingar på eit tidleg stadium

3.3.1 Metodikk

Fleire i kommunen, både tilsette, skuleelevar, grendelag og andre, har blitt kursa i, og opparbeida seg viktig erfaring med, ABCD-metoden. Dette er blant dei metodane for medverknad me ønskjer å nytte i kommuneplanarbeidet òg.

PLP- metoden (Prosjektlederprosessen), som har eit tydeleg fokus på eigarskap, organisering og korleis ein formulerer gode prosjektmål i offentleg sektor, kan òg vere aktuelt. Det same gjeld «10-punktsmodellen for lokalt utviklingsarbeid», ein erfaringsbasert metodikk som retter seg mot strategisk arbeid med lokal utvikling.

Kommunen halde fram med opne innspels- og folkemøte, nytte grendeutvala, idètorg, arrangere seminar/fagdagar og vere aktive overfor lag- og organisasjonsliv. Det vil vere viktig å ha ei viss geografisk spreiding på innspelsmøta. Ein vil og ta sikte på å oppsøke skular og oppsøke dei unge stemmane.

Parallelt med kommuneplanen vil det vere andre planar og mogleighetsstudiar under arbeid. Der det er høveleg, vil kommunen samordne prosess og tema for innspelsmøte for ulike planar.

3.3.2 Kommuneplanen og medverknad

Når arbeidet med samfunnsdelen tek til frå våren 2018, vil kommunen gå breiare ut enn med planprogrammet, som til dømes mot lag- og organisasjonar, grendelag, næringsliv osv. Målet er å få ein inkluderande prosess og at så mange som mogleg skal få eit eigarskap til, og nytte av, den endelege kommuneplanen.

Det blir lagt vekt på brei medverknad i arbeidet både med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. I arbeidet med planprogram har ein aktivt involvert kommunestyret sine eigne organ (utvala, formannskap), dei offentlege oppnemnte råda (eldrerådet, råd for funksjonshemma). I ungdomsrådet

var kommuneplanen og planprogrammet tema for work-shop. Denne arbeidsmetoden ønsker kommunen å halde fram med.

Utvala og formannskap skal holdast orientert om arbeidet undervegs.

3.3.3 KPS og KPA

Utover det som er beskrive om medverknad blir det separat høyring og offentleg ettersyn på kommuneplanens samfunnsdel (KPS) og kommuneplanens arealdel (KPA), etter plan og bygningslova §5-2.

Sjølv om det er arbeidet med KPS som tar til først, vil innspel til arealdelen sannsynlegvis dukke opp og noko må vurderast undervegs. Det kan vere mogleg å overlappa noko av arbeidet med KPS og KPA, til dømes om strategiske temakart.

4 Framtida og moglegheiter - hovudtema

Samfunnsdelen skal ikkje ta for seg kvart saksfelt i kommunen ned på detaljnivå. Mykje skal bli tematisert og konkretisert i dei ulike handlings- og kommunedelplanane.

Andre saksfelt er det ikkje behov for eit omfattande planarbeid eller egner seg ikkje som hovudtema, men kan utmerka godt vere gjenstand for *temaplanar og vegleiande strategiar*.

Tematikken her vil basere seg på strukturen og føringane som beskrive i kapittel 2 «Føresetnader og prinsipp for planarbeid», spesielt 2.1.1, om dei mest sentrale mål, 2.2, planstrategien og 2.3 grunnleggjande prinsipp.

Fleire av hovudtema stør seg og på dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (SBAT). Dette er retningslinjer som òg er lagt til grunn i regionale styringsdokument, som Regional transportplan 2018-2029 og Plan for attraktive sentre i Hordaland 2015 – 2026.

4.1 Overordna tema og prinsipp

4.1.1. Visjon og grunnleggjande prinsipp

Det viktigaste overordna tema blir, som nemnt i punkt 1.2., å få fram ein overordna visjon i kommuneplanens samfunnsdel. Det vil gjere det enklare å meisle ut hovudtema i framtida.

Som nemnt i punkt 2.3. så skal all planlegging basere seg på dei tre grunnleggjande prinsippa: All planlegging skal vere **berekraftig** med omsyn på klima, natur, menneska og økonomi; All planlegging skal gjerast med omsyn på **folkehelse**; Der ein manglar kunnskap om konsekvensar skal ein nytte «**føre var**»-prinsippet.

4.1.2 Vedtekne satsingsområde

Nokre tema eller sentrale satsingsområde, er omtala i andre planar og aktuelle å føre vidare, spesielt planstrategien, som beskreve i 2.2 og 2.3.

Folkehelse er eit grunnleggjande prinsipp i Bømlo sin kommuneplan, og angår alle tema. I Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) §5 skal kommunane ha eit oversiktsdokumentet, som for Bømlo er «Folkehelse i Bømlo kommune», februar 2016. Der er det tre satsingsområde som skal førast vidare:

- sikre sunne og trygge oppvekstmiljø
- hindre aukande sosioøkonomiske skilnader og fattigdom
- heilskapleg strategi for å møte trongen for helse og omsorgstenester i framtida

Desse satsingsområda vil gå igjen i fleire av hovudtema, og desse vil overlappje kvarandre.

Som vegleiaren «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» (KRD) beskriv kva som gjer må til for skape attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde, så gjeld det tiltak både samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, å ha levande by- og tettstadssenter med fokus på helse og trivsel.

4.1.3 Andre planar og analyser

Det er og andre planar og prosjekt under arbeid som skal koordinerast med kommuneplanarbeidet. Det gjeld til dømes kommunedelplan for oppvekst (KDP oppvekst) og stadanalyse Svortland. Stadanalysen drøfter større tiltak i kommunesenteret, som til dømes aktivitetshus, omsorgsbustader i sentrum,

etterbruk av Bremnes ungdomsskule, skulebygg/tomt og ny brannstasjon. Alt dette må sjåast i ein større samanheng. I tillegg er det arbeid med stadanalyser/moglegheitsstudier for Mosterhamn og Langevåg, og alle slike analyser vil vere eit viktig datagrunnlag for vidare utvikling og planarbeidet.

4.2 Hovudtema

Hovudtema er dei viktigaste plantemaa som kommunen skal prioritere i kommuneplanperioden. Prioritere impliserer òg å velje bort tema. Å velje hovudtema i planprogrammet betyr ikkje at det er umogleg å endre, legge til eller ta bort tema seinare i samfunnsdelen. Det å vere tydelege på hovudtema no vil likevel gjere arbeidet og utforminga av den ferdige kommuneplanen meir føreseieleg frå starten av. Det er òg positivt med omsyn på arbeidskapasitet hjå dei folkevalde og administrasjon.

4.2.1 Endringar frå høyringsutkast til endeleg framlegg av planprogram

I løpet av høyringa og etterarbeidet har temaoverskriftene basert på innspel, blitt endra og forsøkt gjort meir tydelege. Kvar punkt har blitt meir fylldig enn stikkorda i høyringsutkastet.

Alle høyringsinnspel har blitt vurdert, kommentert og ligg som vedlegg til kommunestyret si sak.

4.2.2. Hovudtema for Kommuneplan Bømlo 2018 – 2048:

- A. Langsiktig arealbruk og framtidretta bustadbygging
- B. Næringsliv og sysselsetting
- C. Digitalisering
- D. Areal, transport og infrastruktur
- E. Oppvekst og opplæring
- F. Kultur og idrett
- G. Miljø, naturmangfald, friluftsliv og klima
- H. Ei framtidretta helse og omsorgsteneste
- I. Mobilisere frivillige

4.2.3 Innhald i dei enkelte hovudtema

Val av hovudtema er med på å bestemme kva kommunen skal bli god på og prioritere å få meir kunnskap og kompetanse på. Tema vil overlappa kvarandre så dette er ikkje gjensidig ekskluderande eller rangerte tema. Mykje av dette heng òg saman med, og vil bli meir konkretisert i, kommuneplanen sin arealdel.

I sjølve samfunnsdelen, kor ein skal få fram meir konkrete målsettingar, blir det sannsynlegvis meir hensiktsmessig å dele desse hovudtemaa opp i undertema.

A) Langsiktig arealbruk og framtidretta bustadbygging

Bømlo kommune har ein spreidd busetnad med ulike lokal- og nærsenter. Likevel bur ca. 40% av befolkninga utanfor tettstad (2013-tal). Folketeljinga frå 2011 syner at det vanlegaste i Bømlo er å bu i einebustad, som dominerer bustadmarknaden. Mange eldre bur i gamle hus som er dårleg tilrettelagte for folk med sviktande helse. Difor må samfunnsdelen syne nokre retningsval for vekst og utbygging av både bustader og næring.

Ei stor utfordring framover blir å gjere lokalsentra meir **attraktive**. Det innber å utvikle bustader for alle, innpasse høveleg næringsareal, sikre tilkomst til sjø, ha sosiale møteplassar og ha eit minimum av handel- og servicetilbod.

Spesielt for **kommunesenteret Svortland** er det å få eitt sentrum, som er meir «samanhengande» og ikkje opplevast som oppdelt mellom HSD-senteret og Kulturhuset, ei utfordring ein allereie er i gong med gjennom stadanalyse Svortland.

Både **Svortland og lokalsentra** må bli meir «levande», fylt med meir folkeliv og kulturaktivitetar og opplevast trygt og inkluderande for alle. Fleire bustader og ulike bebuarar i sentrum, tryggare ferdsel for fotgjengarar og syklistar, fleire sosiale møteplasser for alle generasjonar, oppgradering av friområder og sykkel og gangsveggar er alle tiltak som kan vere med på å Svortland og lokalsentra med meir sentrumsliv.

For å klare det må ein satse på **fortetting**, eller ein «innanfrå og ut»-strategi. Ein slik strategi er òg i tråd med nasjonale politiske føringar for framtidretta arealplanlegging og regional transportplan. Andre alternativ som utarmer sentrumsfunksjonane er ikkje ønskeleg.

Saman med fortetting og bustader med universell utforming, vil dette òg vere en rasjonell måte å møte «eldrebølgja» på. Det vil og bli enklare å avsette areal til gode knutepunkt, som til dømes sykkelparkering og haldeplassar med høg kvalitet. Å få på plass fleire offentlege, sosiale møteplassar er eit viktig tiltak både med omsyn på inkludering og folkehelsefremjing.

Å utnytte eksisterande infrastruktur (veg, vatn, kloakk, avløp) har stor økonomiske vinst. Kommunen vil leggje til rette for bustadbygging der infrastruktur, skule og nærmiljøanlegg er på plass. Dette skal følgast opp i samarbeid med utbyggjarar.

I kommuneplanen sin samfunnsdel tar ein sikte å følgje opp fylket sin oppmoding i «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» å definere nærare kva lokalsenter og nærsenter er, både funksjonelt og sosialt.

Som nemnt i 1.2.1 er **kystkultur** det som er med på å gjere Bømlo unik. Difor blir tilgang til sjø og strandsone ein viktig del av det å gjere lokalsentra meir attraktive for alle; både fastbuande, potensielle tilflyttarar og turistar. Kommunen skal framover jobbe for å sikre betre og allmenn tilgang til sjøen. Næringsaktivitet må sikrast tilgang på eigna areal. Særleg har ein sett at det er viktig å legge til rette for utviding av eksisterande industriområde og finne nytt næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar.

All utbygging i **strandsona** skal ha som grunnleggjande prinsipp at det må leggjast til rette for ålmenta langs stranda. Bygging av fritidsbustader skal skje i felt, bort frå strandsona, med eventuelle fellesanlegg til sjø. Attraktive strandområde må sikrast alle innbyggjarar. Ei viss fortetting i eksisterande område kan vera aktuelt. Å få fleire småbåthamner blir eit mål.

B) Næringsliv og sysselsetting

Arbeid er grunnlaget for all vekst og velferdsutvikling. Dette gjeld både i eit individuelt og samfunnsmessig perspektiv. Difor vert eit vitalt næringsliv med mangfald av arbeidsplassar viktig for utviklinga lokalsamfunnet. Kommuneplanen må ha som mål å framleis aktivt leggje til rette for næringsaktivitet.

Bømlo skal framleis skal ha eit mangfaldig og nyskapande næringsliv som er fremst på ei rekkje felt. Me vil leggje til rette for vidareutvikling av eksisterande næringar og leggja til rette for nye bedrifter

innan dei områder der me har særlege føremoner. Gjennom næringsklynger og nettverk, samarbeid med opplærings-, utdannings- og forskingsmiljøa styrka næringslivet lokalt og samspelet regionalt.

Med positivitet skal me bygga eit særleg attraktivt næringsliv der fokus på indre og ytre miljø skal vera ein raud tråd og gje oss konkurransefortrinn gjennom det me gjer, til beste for Bømlo og resten av regionen. Bømlo er viktig for Sunnhordland og regionen er viktig for Bømlo. Saman klarer me mykje meir, ikkje minst når det gjeld å framstå som attraktiv for dei menneske me treng få tak i til våre bedrifter.

Bømlo har ein næringsstruktur med eit stort tal små verksemdar spreidd over heile kommunen, nokre mellomstore og eit par store. Det er historisk vilje til entreprenørskap i kommunen, og dei store og mellomstore verksemdene har bygd seg opp over tid.

Kommunen ligg gunstig til med omsyn til kommunikasjon, både nordover og sørover, og har ei kystlinje som bør vera gode rammer for nyskaping og utvikling av næringslivet framover. Den aktive satsinga på vegutbygging vil gi næringslivet betre vilkår og større effektivitet.

Dette vil òg komme **reiselivet** til gode. For denne næringa skal kommunen først og fremst vere fasilitator. Til dømes har kommunen vore medarrangør for idèverkstad for reiselivet. Reiseliv vil nytte godt av god infrastruktur og kommunen og organisasjonslivet si satsing på friluftsliv. Kommunen skal framleis bygge opp under Region Sunnhordland sitt arbeid (visitsunnhordland.no).

Arbeidslivet følger **tradisjonelle kjønnsrollemønster**; nokre yrker og leiarposisjonar er svært mannsdominerte mens nokre yrker, spesielt innan omsorg, er kvinnedominerte. Kjønnsfordelinga vil kommunen vere med på å utjamne. Med tanke på at kvinner er høgare representert hos dei med utdanning på høgskole- og universitetsnivå, må bustad- og arbeidsplanlegginga verke attraktive for denne gruppa òg.

Kommunen skal leggja til rette for næringsaktørar som vil samarbeide med grunnskule og vidaregåande opplæring. Det same gjeld kompetanseheving og samhandling mellom offentleg sektor og næringsliv. Samarbeidet mellom universitets- og forskingsmiljø og lokalt næringsliv, inkluderte stimulere til internasjonale relasjonar, skal me fortsette å bygge opp under. Dette er i tråd med Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017.

Me ønsker framleis **havbruk og akvakultur** som næring i kommunen, men nasjonale vekstmål blir ei utfordring og i arealdisponeringa kjem det til å vere motstridande interesser mellom anna med fiske og friluftsliv. I arbeidet med sjødelen av kommuneplanen vil kommunen gjere dette i dialog med partar dette vedkjem, som næringa, lokalmiljøet, offentlege etatar og nabokommunar som grensar til dei same sjøområda.

Etablering av **fiskerihamn** i Hovlandshagen er eit stort tiltak som er svært viktig for utviklinga av Bømlo kommune som fiskerikommune.

Landbruksplanen må bli rullert snarast mogleg. Både i denne og i arealplanlegginga generelt vil jordvern vere eit viktig premiss. Bømlo kommune vil styrke **jordvernet** og følgje opp nasjonale målsettingar. Dyrka eller dyrkbare areal må ikkje byggjast ut, utan at dette er avklart i det overordna planarbeidet. Det er ønskjeleg å gjere arbeidet med landbruksplanen i dialog med næringa. Ein bør i landbruksplanen legge vekt på å finne løysingar som sikrar totalt areal dyrka areal i tilfelle der andre samfunnsinteresser talar for å omdisponere slikt areal.

C) Digitalisering

Digitalisering gjeld mange felt, inkludert velferdsteknologi. Implementering skal baserast på lokale behov. Målet skal alltid vere at digitalisering skal gjere ting enklare for medarbeidarane, brukarane og rasjonalisere bruken av helsemidlar.

Kommunen skal ha ei **heilskapleg tilnærming** og sjå digitalisering i samheng med anna tenestetilbod, ikkje berre innan helse- og omsorg, men til dømes kultur, oppvekst etc. Dette henge tett saman med tenestekvalitet og dei måla Bømlo kommune har satt seg i planstrategien om at organisasjonen skal:

- ha god kompetanse og nok ressursar
- vere effektiv og rasjonell
- ha tillit og legitimitet i politiske organ og blant innbyggjarane

D) Areal, transport og infrastruktur

Dei strategiske føringane under punkt A, har òg som mål å redusere transportbehov, i tråd med mellom anna NTP og regional transportplan. Difor vil kommunen planleggje for ein samansett arealbruk i **kommune- og lokalsentra**, til både bustader, næring, service og friområde. Dette blir meir utfyllande i areldel.

Utbetring av fylkesvegane er eit viktig samarbeids- og satsingsområde i Bømlo. Viktigaste tiltak her blir å få på plass og gjennomføre **Bømlopakke II**, for å kunne fortsetje utbetringen av vegnettet med tilrettelegging for sykkelbruk, som vedteke i planstrategien.

Som planprogrammet peiker syner utviklingstrekka at det vere aktuelt å sjå på ein større grad av sentralisering av infrastruktur til område i og nær våre lokalsentra- eller som geografisk ligg i hovudvegstrukturen.

Når det gjeld **mobilitet**, blir betre gang- og sykkeltilhøve i og kring Svortland og lokalsentra eit satsingsområde. Næring, service og handel kombinert med bustader i alle lokalsentra, vil redusere transportbehovet, tids- og energibruk. Det vil bli eit strategisk mål å kraftig auke andelen som kan gå og sykle i det daglege gjeremål, som jobb, detaljhandel og skule. Dette vil både fremje folkehelse, redusere klimagassutslepp og mindre slitasje på vegnettet.

Å sikre eit godt **kollektivtilbod** er med på hindre aukande sosioøkonomiske skilnadar og vil vere positivt for arbeidstakarar og næringsliv. Bømlo kommune vil sikre arealbruk og utbyggingsmønster som bygger opp under dei miljøvennlege trafikkformene noko som er avgjerande for at kollektiv, gang og sykkel skal ta unna trafikkveksten.

Kommunen skal òg vere ein aktiv pådrivar overfor dei mynde som er ansvarlege for kollektivtransport for å gjere dette meir funksjonelt og brukarvenleg enn dagens tilbod.

Snøggbåt og ferjetilbod må oppretthaldast der buss ikkje er eit konkurransedyktig alternativ. Klimagassutslepp frå båt og ferje er allereie på god veg til å bli kraftig redusert etter kvart som fornyar materiellet og sambanda blir underlagt meir miljøvennelege anbodskrav.

Kommunane Bømlo og Stord har i stor grad ein felles arbeidsmarknad og interkommunalt samarbeid. Det vil vere naturleg å vere i dialog med Stord om dette i det vidare kommuneplanarbeidet.

E) Oppvekst og opplæring

Bømlo kommune er i gang med **ny kommunedelplan for oppvekst (KDP oppvekst)**. Dette arbeidet skjer parallelt med, og vil koordinerast med, arbeidet med ny kommuneplan. Mange av utfordringa skildra i gjeldande planstrategi og oversiktsdokumentet for folkehelse, blir følgt opp i KDP oppvekst.

Generelt er ungdomsmiljøet i Bømlo bra, med låg bruk av alkohol og tobakk, og høg trivsel på skulen, samanlikna med resten av landet. Det er utfordringar som i resten av landet, innan psykisk helse, spesielt blant jenter.

Viktige satsingsområde i KDP Oppvekst er tidleg innsats i det førebyggjande arbeidet, arbeide med dei generelle dugleikane i skule (språk, rekne, digitale) og satse på livmeistring og demokratisk deltaking. Kommunen ønsker å få til eit betre læringsmiljø, med mindre mobbing og meir stabile resultat på elevundersøkinga når det gjeld rapportert trivsel.

Resultata i lesing og rekning ønsker kommunen å få opp og stabilt på minst landssnitt.

I barnehage er kvaliteten på tilbodet er for varierende. Det gjeld til dømes voksen- og pedagogtettleik, gruppestorleik, kompetanse hjå personalet, samspel mellom barn og tilsette og pedagogiske aktivitetar som vert gjennomført. Delen av små barn har auka og det trengs meir kompetanse om desse. Del av minoritetsspråklege barn har auka og arbeidet med desse er for varierende for å sikra norskkompetanse til skulestart og vidare integrering. Overgang mellom barnehage og skule ikkje godt nok sikra noko, som må bli målsett i kommuneplanen.

F) Kultur og idrett

I kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv står det tre mål som skal førast vidare: «Alle innbyggjarane i Bømlo skal oppleve at dei har eit tilbod som gjer det mogleg å vere fysisk aktive i naturen, nærmiljøet og i idrettsanlegg, uansett alder eller behov; det skal vere aktivitetsvariasjon for alle; og alle skal ha høve til å driva enkle friluftaktivitetar i nærmiljøet. Det skal vere tilrettelagt for turgåing, bading og friluftsliv i alle tettstadene/krinsane», som her blir forstått som i og kring nær- og lokalsentra.

Basert på oversiktsdokumentet for folkehelse, og planstrategien er det eit mål å få fleire i fysisk aktivitet. Fysisk aktivitet og idrett heng òg tett saman med friluftsliv. Kommunen vil vurdere barnetråkk/kulturhistoriske løyper.

Idrett- og kulturfeltet er viktige arenaer for **inkludering**. Å gjere det enkelt og rimeleg å delta er med på jamne ut sosiale skilnader og barnefattigdom. Opne idrett- og kulturarenaer er viktig for alle. Idrettslaga utgjer ein stor og viktig del av det frivillige arbeidet som kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med og vil styrke. Idrett, oppvekstsektor og kultursektor må ikkje vere fråskilde men vil styrke kvarandre om kommunen skal få fleire i fysisk aktivitet som planstrategien peiker på. Utfordringane med vedlikehald av anlegg må løysast.

Viktige plasser med høg kulturverdi som må takast vare på er blant anna Røyksundkanalen, Kulleseidkanalen, Siggjo friluftsområde, Brandasund kulturmiljø, Moster Amfi og Moster gamle kyrkje, Espevær og landskapsverdiar Spissøy - Gassasundet. Moster Amfi.

Fram mot «**Moster 2024**» vil kommunen jobbe for å heve status på anlegget mot å bli eit nasjonalt anlegg.

Tiltak som vedkjem **kulturminne** eller omgjevnadane til kulturminne, skal få ei estetisk utforming som tek vare på omsynet til kulturminnet. Tiltak som vedkjem kulturminne skal prosjekterast og utførast slik at det har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv, i høve til funksjon og i høve til dei bygde- og naturlege omgjevnadane og plassering. Lokale identitetar i Bømlo skal takast vare på og nyttast.

Kulturvern må skje gjennom bruk. Verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre kulturminne, til dømes krigsminne, teknisk-industrielle, kulturminne og kulturlandskapstrekk skal i størst mogleg grad takast vare på som opplevings- og bruksressursar og bli sett i stand. Utrykk og symbol frå kulturmiljø og lokal

kystkultur skal takast i bruk i framtidig utsmykking, utforming og arkitektur.

For å ta vare på verneverdige bygningar, som ofte ligg i strandsona, er det viktig at desse bygningane kan brukast til næringsaktivitet. Verneverdige sjøbruksmiljø bør leggjast inn i ny arealdel med omsynssone bevaring kulturmiljø.

Arbeidet med å få ferdig ein **kulturminneplan** har trekt ut på grunn av personressursar. Ein kulturminneplan er nødvendig både med tanke på å få fram kulturelle trekk til bruk i tettstadutviklinga, og for å forvalte areal med omsyn på vern. Kommunen må prioritere å ferdigstille det fagtekniske i løpet av kommuneplanarbeidet, det vil seie katalogisere og kategorisere omsynssonar, sånn at dette blir eit godt datagrunnlag.

G) Miljø, naturmangfald, friluftsliv og klima

Friluftsliv er viktig- og blir viktigare. Kommunen sin rolle blir først og fremst å leggja tilhøva til rette for meir fysisk aktivitet, både i samfunns- og arealplanlegginga. Friluftsliv heng saman med både idrett-, oppvekst- og kultursektor, men òg næringssektor. Som nemnt i 1.2.1, så er kystkultur noko som gjer Bømlo attraktivt.

I arealdelen til kommuneplanen må ein sikre aktivitetar gode rammevilkår, samstundes som vi reduserer konfliktgrad med andre brukarar av naturområda. Naturmangfaldslova vil vege tungt. Dette inneber å ta vare på samanhengande grønstruktur i og nær lokalsentra i kommunen og ta vare på større område som ikkje er utbygd.

Det er aktuelt å sjå på meir nyskapande friluftsliv, noko som gje styrka grunnlag for næringsretta verksemd som aktivitetsbasert reiseliv. I samfunnsdelen bør ein sjå på om, og korleis, ei satsing på «nyskapande friluftsliv» kan utviklast.

Kommunen må sikre ubebygde holmar, øyar og skjær for ålmenta har vore ei viktig målsetting i planarbeidet. Det er lagt vekt på at desse framleis skal vere LNF-område. Kommunen er avhengig av godt samarbeid med lag- og organisasjonslivet som gjer ein stor innsats for å fremje folkehelse gjennom bruk av naturen.

Alle lokalsenterområda bør vera tilknytt turområde med tilrettelagde turvegar, i tråd med målsettingane i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Det bør vere ei målsetting å legge til rette for etablering av lysløyper i lokalsentra òg. Fleire kaiområde er aktuelle prioritere for å vidareutvikle for å gjere desse til attraktive møteplassar.

Kommunen skal gjennomføre tiltaka i klimaplan og i klimaplan for Hordaland. Her kan verksemdene og kommunen sjølv gjere mykje for å oppnå ei meir miljøvenleg og berekraftig drift. **Miljøstyring** vil seie å systematisk styre og utvikle miljøarbeidet i ei verksemd, til dømes gjennom sertifiseringsordningar som Miljøfyrtårn, Grønt Flagg, Svanen, ISO 14001 (internasjonal sertifisering) og EMAS (sertifisering ut i frå EU sin ordning for miljøstyring og miljørevisjon). Det omfattar m.a. tiltak for å redusere utslepp, energiforbruk og avfall. Innkjøp skal vere miljømedvitne.

H) Ei framtidsretta helse og omsorgsteneste

Helse og omsorgstenestene sine hovedutfordringer kan oppsummerast slik:

- Brukarane sine behov for individuelt tilpassa tenester blir ikkje imøtekommen i tilstrekkelig grad
- Kommunen har fått/ vil framover fleire oppgåver og større ansvar
- Auke i tal eldre, endring i sjukdomsbilde, reduksjon i personar i arbeidsfør alder, økonomiske rammer gjer at me ikkje kan driva tenestene som i dag.

Bømlo kommune har valt å legge til grunn fire prinsipp for å møte desse utfordringane: ei ny og meir aktiv brukarrolle; individuelt tilpassa og koordinerte tenester; tettare samarbeid med eksterne aktørar. Kommunen som koordinator og tilretteleggjar. Målretta utvikling av tenestetilbodet (bevisst prioritering og nytenking, meir fokus på førebygging og eigenmeistring, organisering og lokalisering); målretta satsing på rekruttering og kompetanse.

I) Mobilisere frivillige

Dette er tema som er forankra i både planstrategi, gjeldande kommuneplan og utgjer ein viktig del av ein ønska heilskapleg strategi for framtidens helse – og omsorgsteneste. Utviklingstrekk i oversiktsdokument for folkehelse, syner stadig høgare utgifter til pleie- og omsorgstenester pr. innbyggjar.

Det blir eit stort behov for frivillige i ei rekke sektorar; kulturliv, omsorgssektor og i arbeidet med inkludering. Kommunen skal leggje til rette for ei kontinuitet og samstundes ta høgde for det «spontane», uorganiserte frivillige arbeidet. Lågterskeltilbod i frivillig regi, både i lag-, organisasjonar og trussamfunn, er utruleg viktige ute i nærmiljøa og desse må kommunen samarbeide med og ta inkludere i planarbeidet og i utforminga av ein frivillighetpolitikk.

5 Planprogrammet sin arealdel - haust 2018

I løpet av høringsrunden anbefalte mellom andre Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune at ein tok ut arealdelen og at denne blei meir gjennomarbeida og handsama seinare. Dette har blitt tatt til etterretning og ein tar sikte på å vedta arealdelen februar 2019, med høringsrunde hausten 2018.

I planprogrammet sin arealdel blir fleire av hovudtemaa konkretisert. Føringsane her i planprogrammet sin samfunnsdel blir lagt til grunn.

5.1 Innhald i planprogrammet sin arealdel

Her følger ein kort oversikt over noko av det som planprogrammet sin arealdel må innehalde.

5.1.1 om konsekvensutgreiing i kommuneplanen sin arealdel

Plan og bygningslova §4-2, bestemmer at kommuneplanens arealdel blir omfatta av kravet til konsekvensutgreiing (KU). Desse skal handsamast etter KU-forskrift som angjer krav til utgreiing og dokumentasjon. Konsekvensutgreiing skal syne verknadar for miljø og samfunn:

- for alle nye område for utbygging
- når det gjeld vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggjeområde

I planprogrammet sin arealdel bør ein konsentrere seg omkring dei tema som er mest relevant for avgjersle på eit overordna nivå. Konsekvensutgreiing bør derfor ha fokus på strategiske problemstillinger og tema.

Sentralt er spørsmål om framtidig utbygging eller ikkje, og kva arealføremål områda skal ha. Mykje av dette vil ein avklare og komme med føringar på i kommuneplanen sin samfunnsdel.

5.1.2 Konsekvensutgreiingar (KU)

I vegleiar for konsekvensutgreiingar (Miljøverndepartementet), er det anbefala at kommunen avklare kva reguleringsplanar som framleis skal gjelde og kva reguleringsplanar kor kommuneplanen sine føresegner skal gjelde framfor reguleringsplanen.

Basert på føringane i kommuneplanen sin samfunnsdel blir det difor naturleg at det gjerast ein gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar i Bømlo.

Regionale planar som gjer føringar for utbygging utover gjeldande planar, skal og handsamast etter KU-forskrift.

Både planprogrammet sin samfunns og arealdel skal gjere nærare greie for problemstillinger knytt til miljø og samfunn. I arealdelen skal ein så godt som mogleg avklare kva forhold som vil bli utgreidd og belyst i planframlegg med krav til konsekvensutgreiing. Døme på tema for dette kan vere forureining, transportbehov, jordvern, kulturminne, nærleik til uteområde, arkitektur og utforming, naturmangfald etc.

Alle utbyggingsplanar skal og ha ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) .

5.1.3 Alternativ og aktuelle strategiar

«Alternativ» her betyr både

- alternative løysingar for overordna utbyggingsmønster
- og alternative konkrete utbyggingsframlegg.

Å få fram alternativ er sentralt. Konsekvensutgreiing av KPA bør fokusere på korleis viktige miljø- og samfunnsomsyn blir påverka av alternative strategiske val som er oppe i planarbeidet.

Verknader både for dei enkelte utbyggingsområde og for den samla arealbruksendringane skal beskrivast. Langsiktigheit og heilskap bør stå sentralt.

Strategiske val som til dømes ein «innanfrå og ut»-strategi, er eit godt grunnlag for å vurdere utbyggingsframlegg.

Ved handsaming av alternativ til konkrete framlegg til utbygging, skal planprogrammet sin arealdel innehalde krav om at der det er realistiske og relevante alternativ, skal desse utgreiast på same måte som opphavleg framlegg.

5.1.4 Krav til dokumentasjon ved framlegg om utbygging

Planprogrammet sin arealdel bør innehalde kva krav kommunen stiller til innhaldet i framlegg til utbygging som kjem opp i planprosessen. For KPA har kommunen sjølv ansvaret for at verknadane av eit planframlegg er godt nok utgreidd med omsyn på KU-forskrifta.

Døme på kva relevante krav til dokumentasjon kan gjelde er storleik, tettleik, kva type areal som det angår, konfliktema, trafikkmengd, avstand til skule og servicefunksjonar, kollektivløysingar og vurderingar med tanke på kommunen sin langsiktige arealstrategi.

5.2.4 Meir utfyllande

I planprogrammet sin arealdel blir det og meir utfyllande om

- Konsekvensutgreiing av planframlegg
- Metodikk for konsekvensutgreiing av KPA

Sjå elles «Konsekvensutredningar – kommuneplanens arealdel», vegleiar (Miljøverndepartementet), for meir utfyllande informasjon.

6 Vedlegg

Denne oversikten syner nokre sentrale plan og dokument som legg føringar for planarbeidet i kommunen. I tillegg kjem det internasjonale avtaler og konvensjonar som Noreg har slutta seg til, og som får konsekvensar på lokalt nivå, til dømes EØS-avtalen og Paris-avtalen.

6.1 Lenker

6.1.1 Bømlo kommune:

<https://www.bomlo.kommune.no/sjolvbetjening/kart-planar-og-publikasjonar/>

6.1.2 Hordaland fylkeskommune:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regionale-planar---oversikt/>

6.1.3 Regjeringa:

www.regjeringen.no

6.2 Bømlo Kommune – gjeldande planar

6.2.1 Gjeldande planstrategi

Det er i gjeldande planstrategi 2016 – 2020 (revidert mai 2016) lista opp kva planoppgåver som vil verte prioriterte i perioden. Dette er ikkje ei uttømmmande liste og er ope for endringar ut i frå nye lovar, forskrifter, osb. Denne ligger til grunn for ny kommuneplan, kor eventuelle nye planbehov skal gjerast greie for.

6.2.2 viktige lokale planer

Budsjett 2017 og velferdsplan 2017-2020
Bømlopakken, vegplan for Bømlo
Den kulturelle skulesekken
Fiskerihamneplan for Bømlo 2013
Folkehelse i Bømlo kommune – oversiktsdokument 2016
Flyktingplan
Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg 2017-2027
Handlingsplan folkehelse 2015
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2016 - 2022
Klima- og energiplan 2009-2014
Kommuneplan 2013-2025
Landbruksplan
Planstrategi for Bømlo kommune 2014 – 2018
Skulebruksplanen 2014-2025
Strategisk Næringsplan 2011-2015
Trafikksikringsplan 2016-2020

6.3 Regionale planar

Dette er nokre viktige regionale planar som Bømlo kommune tek omsyn til og skal leggje til grunn for kommuneplanarbeidet.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel
Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle
Regional kulturplan 2015 - 2025 - Premiss: kultur
Regional transportplan Hordaland 2018-2029

Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017
Regional plan for klima og energi
Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021
Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar
Klimaplan for Hordaland 2014 - 2030
Skulebruksplanen
Regional plan for kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017
Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016
Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019
Miljøstrategi for Skyss

6.4 Andre dokument

Dette er nokre faktadokument som har blitt nytta og som fortsatt skal vere kunnskapsgrunnlag for det vidare planarbeidet .

«Borgerundersøkelsen Norge 2010 – 2018» - Sentio Research Norge

«Den handlekraftige kommunen – fordypningsdag i Folkevalgtprogrammet» KS; NIBR; NLA

«Folkehelseplanlegging i kommunene – idèhefte om helseoversikter og planstrategi» - KS, Kommuneforlaget 2017

«Kunnskapsstatus om medvirkning og mobilisering – Utviklingsrelevante bidrag i perioden 1999 – 2009». Lønning og Teigen. Nordlandsforskning, Høgskulen i Lillehammer, 2009.

«Konsekvensutredninger – kommuneplanens arealdel», vegleiar (Miljøverndepartementet)

«Medvirkning i planlegging - Hvordan legge til rette for økt deltakelse og innflytelse i kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven» - vegleiar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet

«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» - vegleiar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, juni 2015

«Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging – grunnlag for innsigelse», vegleiar nr 2 - 2017. Norges vassdrags- og energidirektorat

«Samfunnsvirkninger av boligpolitikk Boligsatsinger og samfunnsutvikling i ti norske distriktskommuner». Sørvoll og Løset. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring NOVA Rapport 3/2017

«Stadanalyse og mulighetsstudie av Svortland sentrum» Bømlo kommune, ref. sak 192/2017

«Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-. Areal- og transportplanlegging». Kgl res. 26.09.2014

«Samfunnsutviklingskapasitet i småkommuner – en studie av 41 småkommuner». Cruickshank, Vasstrøm, Sand m.fl. Trøndelag Forskning og Utvikling og Agderforskning, 2014.

«Ungdom og medvirkning i planlegging og lokalt utviklingsarbeid - Å slippe til og bli sluppet løs er to sider av samme sak». Sletterød, Carlson, Kleiven og Sivertsen. Trøndelag Forskning og Utvikling, 2014.

«Vitalisering av sentrum - Eksempler fra byene Bodø, Drammen, Fredrikstad og Tromsø»